

21 NOV. 1967

Skyldskifte

5.8.2019

landbruksselskap

Dagbok nr.

08000 25.10.69

NORGHORDLAND
SØRENSKRIVAREMBETE

Laurdag den 7 oktober 1967 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Tveite øvre

7173

gr.nr. 27 br. nr. 1 med skyld mark 1,02 i Lindås herad.

Kjell Bjørnevoll har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel

til eidedomen.¹⁾

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾ Alle.

Ved tenesta møte

Av partane³⁾ Seljar: Kjell Bjørnevoll.

Kjøpar: Sverre Nøttveit.

Av grannane³⁾ Uturvande å varsla.

Til formann vart vald Ivar Fammestad.

Opplysningar om den/dei part/partar av eidedomen som er fråskild:

1. Vidde: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbeite dekar, produktiv skog dekar, anna vidde 0,7 dekar — i alt 0,7 dekar.

2. Grensene⁴⁾ til den/dei fråskilde part/partar:

Parsellen ligg på innmark, i Gjere aust for vegen Reikerå - Fammestad, og

1 merkeslina tek til i kross i berg i søraustre hjørne av parsellen og går i nordvestleg retning 17,- m. til merkestein. Her frå går

2 merkeslina i vestleg retning 19,80 m. til kross i berg.

Her frå går


¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eidedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den..... 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sørenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

⁴⁾ Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeidedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva.

Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eidedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).



merkeslina i sørleg retning 34,40 m. til kross i berg.

Her frå går

4 merkeslina i austleg retning 17,80 m. til kross i berg.

Her frå går

5 merkeslina i nordaustleg retning 14,- til kross i berg,

her frå går merkeslina meir austleg 17,- m. til første lina sitt utgangspunkt.

I Gjerdehalde kviler på parsellen.

II Parsellen har rett på stolpegrunn for lys og telefon på hovedbruket.

III Parsellen har rett (i samråd med eigaren av hovudbruket) på brønn og vassleidning på ein lagleg stad.

IV Parsellen får rett til nytta utmarksvegen til hovudbruket. Frå denne får parsellen rett å arbeida opp veg 3,- m. brei etter den gamle køyrevegen langs vestre grensa til bnr. 19 og gjennom "Middagskaret". Veien skal parselleigarane og hovudbruket arbeida opp i fellesskap og hovudbruket har rett til og nytta veggen.

Kjell Bjørnvoll. Ivar Viltanen

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk?¹⁾ Nei

2. Finn skylddelingsmennene det godt gjort at den parsellen som no vert fråskilt eigedomen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?²⁾ Hyttetuft.

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedomen til kjem inn under delinga?³⁾

¹⁾ jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskipping av jordbruk (jordlova).
²⁾ jfr. § 54 (jordlova).
³⁾ jfr. § 55 (jordlova).